

Vedtak frå Fakultetsstyret ved Det psykologiske fakultet, 8. des. 2010

Sak 62/10 10/12342 Prinsipper for fordeling av stipendiatstillingar

1. Fakultetsstyret vedtar følgende prinsipper for utlysning av universitetsfinansierte stipendiatstillingar:

*Stipendiatstillingene tildeles instituttene som kan velge å lyse dem ut åpent, eller prioritere enkelte av forskningsgruppene.

*Fordelingen av stipendiatstillingar til de ulike instituttene skal vektes i henhold til antall fast tilsatte i førstestillingar ved hvert institutt.

*Det foretas felles utlysning.

*Utlysningstekst/betenkning foreslås av instituttlederne.

*Det oppnevnes en felles vurderingskomité der dette er hensiktsmessig.

*Instituttledere er innstillende myndighet for stipendiater knyttet til sitt institutt.

*Stipendiatene tas opp til forskerskoler og knyttes til en forskningsgruppe gjennom sin veileder.

*Veileder (hoved- eller medveileder) skal være fast tilsatt i førstestilling ved fakultetet.

*Det tas sikte på to utlysninger per år for å sikre tilstrekkelig og jevn rekruttering til stillingene.

*Ca. 80 % av universitetsfinansierte stipendiatstillingar som utlyses skal tildeles familiøyene gjennom instituttene. Resterende andel av stillingene skal fordeles ut fra strategiske vurderinger.

Fakultetsledelsen får fullmakt til å vurdere hvilke strategiske satsninger som til enhver tid skal prioriteres. Disse vurderingene vil blant annet begrunnes ut fra føringer gitt i fakultetets strategiske plan. I tillegg vil det være ønskelig å kunne prioritere egenandeler (stipendiatstillingar) eksempelvis knyttet til tverrfakultære satsinger, knyttet til søker til Bergens forskningsstiftelse og knyttet til eksterne samarbeidsprosjekter mot samfunnsog

næringsparter.

2. På bakgrunn av de vedtatte prinsipper lyses det nå ut seks stipendiatstillinger med følgende fordeling: én til IKP, én til IPED, én til IBMP, én til HEMIL og to til ISP (*protokoll frå fakultetsstyret 8. desember 2010*).

Det er dette fakultetsstyrevedtaket som er førande for instituttet vårt i den vidare prosessen. Som de ser så er det instituttleiar som har den endeleg myndigkeit i denne saka og ved nokre institutt blir dette gjennomført ved at instituttleiinga tek ei avgjerd i saka. Dette kan også forvarast ut frå den korte tidsfristen som er gitt (3. januar 2010). Likevel, som instituttleiar synes eg det er viktig å få innspel i denne saka frå dei mest sentrale organa ved vårt institutt i forskingsrelaterte saker. Difor vil eg ha forskingsgruppeleiarane og instituttrådet sine synspunkt i saka før eg tek ei avgjerd om kva for prinsipp vi skal legge til grunn ved stipendiatutlysingar ved vårt institutt i tida framover¹.

Situasjonen hjå instituttet vårt i dag er at i desember 2010 var der 8 stipendiatar ved vårt institutt. Dei fordele seg slik på forskingsgruppene:

U-PED: 0

KUD²: 6

DLC: 1

UP: 1

BKP: 0

Som vi ser er tilhøva ved dei ulike forskingsgruppene noko ulik. Frå instituttet si side er det viktig at alle forskingsgruppene har stipendiatar og her er fleire tiltak naudsynt. For det første er det naudsynt at alle forskingsgruppene arbeidar aktivt med å rekruttere personar med mastergrad både eksternt og internt, slik at desse kan rettleiast i søknadsprosessen for å få fram best mogleg prosjektbeskrivelsar. Fleire har gjort dette allereie (t.d. KUD) og dette er det viktig at alle forskingsgruppene legg opp til. For det andre så skal instituttleiinga vareta alle 5 forskingsgruppene sitt ve og vel og dermed bør ein kontinuerleg vurdere tiltak som tener både forskingsgruppene og instituttet over tid. Eitt av tiltaka her kan t.d. vere øyremerking av stipendiatutlysingar til einskilde forskingsgrupper, medan ein i andre utlysingar vel å lyse ut

¹ Dette kan sjølv sagt bli justert etter behov i tida framover, så her må ein ha ei kontinuerleg vurdering av kva som er mest teneleg både for forskingsgrupper og instituttet.

² To av desse stipendiatane er i januar 2011 heilt eller delvis ferdig med stipendiatperioda si, men ingen av dei har levert inn avhandlinga si enno (det skjer truleg i løpet av våren 2011).

dette opent. Felles for alle utlysingar er at dette må vere UiB-stipendiatar som er tilsett ved instituttet vårt, har sitt kontor og daglege virke her, samt at desse er innforstått med dette allereie i søknadsprosessen. Ved eit såpass lite institutt med relativt få stipendiatar, er det særskilt viktig at dei stipendiatane som er tilsett hjå oss er tilstades dagleg ved instituttet.

Under nemner eg nokre tentative alternativ som kan vere aktuelle med bakgrunn i fakultetsstyrevedtaket ovanfor:

- Ein lyser stipendiatstillinga opent ut på heile instituttet (utan at den er direkte knyta til ei/fleire forskingsgrupper).
- Ein lyser ut stipendiatstillinga etter eit rulleringsprinsipp over tid der t.d. to av forskingsgruppene blir prioritert først, deretter dei neste tre (då vil alle forskingsgruppene ha vore innom ei utlysing i løpet av ca. 1-2 år).
- Ein lyser ut stipendiatstillinga etter eit rulleringsprinsipp der først ei forskingsgruppe blir prioritert, deretter den neste, osv (ein vil truleg då kome gjennom alle fem forskingsgruppene i løpet av 3-5 år. Dersom nokre av forskingsgruppene vel å slå seg saman vil sjølv sagt dette ta kortare tid).
- Eventuelt andre alternativ.

Nokre grunnleggande aspekt må imidlertid ligge til grunn:

- Kvaliteten på søknadar og prosjektbeskrivelse må vere høgt prioritert. Ingen forskingsgrupper får tildelt stipendiatar basert på andre kriterium som veg tyngre enn dette. Dette òg fordi UiB-stipendiatar skal takast direkte opp i doktorgradsprogrammet ved Det psykologiske fakultet samstundes ved tilsetting.
- Stipendiatar bør vere knyta til anten forskarskulen NATED eller NAFOL.
- Dersom det er aktuelt med ei øyremarking i utlysninga, må det dreie seg om berekraftig(e) forskingsgruppe(r) som kan vareta stipendiaten i det daglege.
- Hovudrettleiar må ha førstestilling og vere fast tilsett ved fakultetet/instituttet. Ved eit eventuelt rulleringsprinsipp må ein ta omsyn til når det tidsmessig høver best for dei ulike hovudrettleiarane/forskinsgruppene å få øyremerka stipendiatutlysinga. Ein må òg vurdere rulleringsrekkefølgja ut frå rettleatingskapasitet og antall stipendiatar i dag i dei ulike forskingsgruppene.
- UiB-stipendiaten må vere innforstått med at han/ho har sitt daglege virke ved instituttet og det inneber å vere dagleg tilstades på kontoret sitt.

Sidan fakultetet har gitt institutta kort frist (3. januar) med å melde tilbake ang. denne saka, blir det teke ei endeleg avgjerd for denne utlysinga av instituttleiinga i løpet av denne veka.

Rune Krumsvik

Instituttleiar

Professor i pedagogikk